

Temaplan for busetjing og integrering av flyktningar 2017-2019

VIK KOMMUNE

Del 1 : Faktagrunnlaget

Del 2 : Mål - og tiltak



Innhald

1	Innleiing.....	3
2	Føremål og planprosess	3
3	Begrepsbruk og avgrensingar.....	4
4	Mål, målgrupper og overordna føringar	5
4.1	Mål	5
4.2	Målgrupper	5
5	Overordna føringar	6
5.1	Kommunale føringar.....	6
5.2	Nasjonale føringar	7
5.3	Økonomiske råmer	7
5.4	Føresegner og lover	10
6	Bakgrunn (dagens situasjon)	11
6.1	Flyktnings situasjonen	11
6.2	Fakta og statistikk.....	11
6.3	Busetjing og integrering.....	13
7	Del 2 : Mål- og tiltak	21
7.1	Føremål:.....	21
7.2	Mål :	21
7.3	Generelt :	21
7.4	Busetjings situasjonen frå 2018.....	22
7.5	Ansvarsmatrise – tiltaksplan.....	24
8	Tiltak.....	25



1 Innleiing

Vik kommune har busett flyktningar sidan hausten 2000. Frå 2000 til 2017 har det vore busett totalt om lag hundreogfemti personar med flyktningbakgrunn. Vel ein tredjedel av flyktningane har flytta til andre stader i løpet av desse åra. Omfanget av busetjinga har auka vesentleg dei siste to åra, og trongen for ei overordna, men også heilskapleg vurdering av arbeidet med busetjing og integrering har auka tilsvarande. Skal ein lukkast med integrering av denne gruppa, må dei kommunale tenestene samordnast og ansvars- og oppgåvefordeling klargjerast. Ei ny og særskilt utfordrande oppgåve er busetjing av einsleg mindreårige. Dette er nye tenestemråde, og det er viktig å finna tenleg og ressurseffektiv organisering av tenesta til denne gruppa. Samarbeid med, og inkludering av frivillig sektor vil også vera eit viktig tema i planen.

I planstrategien for Vik kommune for perioden 2016-2019 er det vedteke at det skal utarbeidast ein temaplan for busetjing og integrering av flyktningar. Temaplanen skal ferdigstillast i 2017.

2 Føremål og planprosess

Denne temaplanen tek føre seg fleire innsatsområde både på overordna nivå og innan dei ulike tenestene. Alle områda som er omhandla i planen krev langsiktig planlegging og klår målstyring.

Temaplanen er utarbeidd i to deler: Del 1 : Faktagrunnlaget og del 2: Mål- og handlingsprogram.

Føremålet med faktagrunnlaget er å gi ein oversikt over politikk og fagområde innan integrering og innvandring. I dette ligg mellom anna kommunale og nasjonale føringar, situasjonsstatus, overordna strategiar og vegval.

Mål – og handlingsprogrammet skal tydeleggjera hovudmål og innsatsområde for dei neste fire åra. Dette vil i neste omgang gi grunnlag for rapporteringsområde og evalueringsflyt.

Mål- og handlingsprogrammet er delt oppi fem hovudtema:

- Grunnleggjande kvalifisering og sysselsetjing
- Kultur og oppvekst
- Helse og omsorg
- Busetjing og bustad
- Deltaking og likeverd



Prosjektstyring

Prosjektansvarleg : Rådmann Oddbjørn Ese

Styringsgruppe : Rådmannen si leiargruppa

Prosjektgruppe : Lene Borlaug, leiar for busetjing og integrering, Eli Renate Opheimshaug Moheim, leiar for psykisk helsevern, Inger Lise Fjærestad, leiande helsesøter, Bjarnhild Samland, oppvekstsjef, Janne Dokken, NAV-leiar.

Prosjektleiar : Anne Grethe Tveit, tidlegare leiar for NAV Vik og tidlegare flyktningkonsulent.

3 Begrepsbruk og avgrensingar

- Asylsøklar: Person som søker vern (asyl) og ikkje har fått søknaden endeleg avgjort.
- Innvandrar med fluktbakgrunn: Overføringsflyktningar og alle som har søkt asyl i Noreg, og har fått opphald – uavhengig av kva opphaldsløyve som er gitt, samt familiesameining.
- Innvandrar: Person fødd i utlandet med to utanlandske foreldre, og som på eit tidspunkt har innvandra til Noreg – uavhengig av årsaka til innvandringa.
- Familieinnvandring: Også kalla familiesameining med ektefelle, sambuar eller born av ein som bur i Noreg.
- Integrering: Ein tovegsprosess der begge partar deltek med rettar og plikter. Assimilering: « Å gjera lik». At majoritetskulturen skal gjelda.
- Segregering: Skilja einskilde menneskegrupper frå andre innan same samfunn.
- Etnisitet: Kulturtrekk av ei gruppe eller kollektiv som oppfattast å dela kulturelle trekk og opphav.
- Etnisk gruppe: Ei gruppe som innanfor ei større sosial eining opplever seg som ei gruppe i forhold til andre, og som blir identifisert som ei eiga folkegruppe av andre.
- Etnosentrisme: Perspektiv eller haldning der ein reknar seg sjølv, sine eigne verdiar eller si eiga gruppe sin livsførsel som betre enn andre. Og brukar eigne verdiar som målestokk for å vurdera andre.
- Rasisme: Tradisjonelt ei oppfatning eller sett av haldingar som tek utgangspunkt i at menneske kan delast inn i rasar, og at desse kan rangerast etter verdi. Ein kan skilja



mellom: Kvardagslege former for rasefordommar og rasediskriminerande haldningar. Ideologisk rasisme. Vitskapeleg rasisme.

- Deltaking: Aktivitet på eitt eller anna samfunnsområde der ein bidreg med seg sjølv.
- Mangfald: Læra, utforska og respektera skilnader innad i ei gruppe eller samfunn. Erkjenninga likskap, verdsetja ulikskap.
- Interkulturell kommunikasjon: Kommunikasjon *mellom* aktørar med ulike kulturbakgrunn.
- Tverrkulturell kommunikasjon: Vert brukt når ein samanliknar ulike måtar å kommunisera på på *tvers* av kulturar.

Planen omhandlar primært Vik kommune sine innsatsområde innanfor ulike tenesteområde knytt til innvandring og integrering. Sekundært omhandlar planen også andre relevante eksterne funksjonar og organisasjonar spesielt innan frivillig arbeid. I denne planen er det frivillige arbeidet avgrensa med døme frå Røde Kors, Vik Kvinne- og familielag og Vik Idrettslag.

4 Mål, målgrupper og overordna føringar

4.1 Mål

Kommuneplan for Vik kommune 2013-2024 har som hovudmål for plan-og utviklingsarbeidet å snu folketalsnedgangen. Kommuneplanarbeidet skal leggja til rette for ei utvikling som sikrar gode levekår og livskvalitetar for noverande og komande generasjonar.

For planperioden gjeld fylgjande mål:

- Snø folketalsutviklinga – 2800 innbyggjarar i 2024.

Ein av strategiane for å nå målsetjinga er mellom anna:

- Vik kommune skal vera *open, attraktiv og imøtekommande* for tilflyttarar og etablerarar.

4.2 Målgrupper

«*Velkommen til Vik*» - prosjekt for tilflytting, innvandring og integrering - vart etablert i 2012 for ein periode på minimum fem år. Bakgrunnen for prosjektet var ei erkjenning om at kun auka tilflytting kan gje auka folketal i kommunen. Både utflytte vikjar, arbeidsinnvandrarar og flyktningar er i målgruppa for prosjektet.

Denne temaplanen er avgrensa til å omhandla gruppa flyktningar.



5 Overordna føringar

Viktige rammevilkår for levekår og utvikling, og for kommunal planlegging i Vik kommune er fastsette utanfor kommunen. Dette gjeld lover og andre politisk fastsette føringar, men også utviklingstrekk og trendar i nasjonal og global politikk og økonomi.


5.1 Kommunale føringar

Samfunnsdelen og handlingsplanen (rullert årleg) i gjeldande kommuneplan (vedteken i kommunestyret 18.12.12) omhandlar satsingsområda og prioriteringar i planperioden.

Tilflytting er hovudprioriteringa i kommuneplanen.

Frå 2000 til 2016 vart folketalet i Vik kommune redusert med 256, frå 2945 til 2689. Pr. 1.1.2017 var folketalet 2722. Planstrategidokumentet som vart vedteke i kommunestyret 16.2.2017 påpeikar at utan busetjing av om lag femti flyktingar i perioden 2000 til 2016, ville folketalsnedgangen vore større. I tillegg er det komme mange arbeidsinnvandrarar i perioden. Ein av ti innbyggjarar har no utanlandsk opphav. Av desse kjem sju av ti frå Europa.

Av utfordringar og venta utviklingstrekk for Vik kommune på kort og mellomlang sikt er difor mottak, busetjing og integrering av flyktingar rekna som ein av dei viktigaste.



Aktuelle plandokument er :



Delplan skule og oppvekst

Delplan helse og omsorg

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

Bustadpolitisk handlingsplan (ikkje ferdig)

Diverse grunnlagsdokument og overordna føringar:

Folkehelseprofil for Vik 2016

Sogn og Fjordane fylkeskommune 2016 : Regional planstrategi (RPS). RPS lyftar fram mellom anna globalisering og sentralisering samt migrasjon og integrering som utfordringsområde. Dette gjeld også situasjonen i Vik kommune.

5.2 Nasjonale føringar

Busetjingsavtale mellom Intergrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) og Vik kommune om tal busetjingar pr. år i ein fireårsperiode. IMDI sender oppmodingsbrev til kommunen med justerte behov årleg.

Andre aktuelle dokument:

NOU 2011: Brochmann 1: Velferd og migrasjon – den norske velferdsmodellen

NOU 2017: Brochmann 2 : Integrasjon og tillit

Begge desse dokumenta tek føre seg korleis den norske velferdsmodellen blir påverka av graden av innvandring til ei kvar tid. Ein av hovudutfordringane er - og vil bli- flyktningar si tilknytning til arbeidslivet. I motsetning til arbeidsinnvandrarar som kjem på eiga hand (m.a. gjennom EØS), får ikkje flyktningar og familiare deira opphald i Noreg for å bidra til norsk økonomi. Dei kjem som fylgje av at Noreg er forplikta til å ta i mot gjennom internasjonale avtalar. Forsking og statistikk syner at flyktningar med låge kvalifikasjonar er ei gruppe med stor risiko for å bli avhengige av offentlege overføringar. Tendensen til vedvarande låg inntekt og ustabil sysselsetjing blant flyktningar bryt med likskapsideala i det norske samfunnet, og aukar faren for segregering etter etniske skiljelinjer.

5.3 Økonomiske rårer

Kommunane får ulike tilskot når dei buset flyktningar. Dei fleste tilskota vert utbetalt pr. person og er ikkje øyremerka. Integreringstilskot vert utbetalt busetjingsåret og dei fire neste åra, og skal gi «en rimelig dekning av kommunenens gjennomsnittlige merutgifter... « (IMDI januar 2018).



Integreringstilskot – satsar 2018 :

År	Einslege vaksne	Vaksne	Einslege mindreårige	Born	Eldretilskot	Barnehagetilskot
År 1	237.000	187.000	185.000	187.000	167.600	25.800
År 2	239.000	239.000	239.000	239.000	0	0
År 3	171.000	171.000	171.000	171.000	0	0
År 4	85.500	85.500	85.500	85.500	0	0
År 5	71.600	71.600	71.600	71.600	0	0
Totalt	804.100	754.100	754.100	754.100	167.600	25.800

Særskilt tilskot for einslege mindreårige – satsar 2018 :

Månad	Høg sats	Låg sats
Januar	1 229.100	769.500
Februar	1 126.675	705.375
Mars	1 024.250	651.250
April	921.825	577.125
Mai	819.400	513.000
Juni	716.875	448.875
Juli	614.550	384.750
August	512.125	320.625
September	409.700	256.550
Oktober	307.275	192.375
November	204.850	128.250
Desember	102.425	64.125

Tilskotet vert utbetalt til og med det året personen fyller 20 år. Satsane er differensierte utifrå alder og busetjingstidspunkt.

I 2017 mottok kommunane eit ekstratilskot på kroner 100.000 pr. einsleg mindreåring.

I tillegg til dei ordinære tilskota kan kommunar som busett flyktingar med nedsett funksjonsevne og /eller åtferdsvanskar søkja om to typar ekstratilskot : eit eingongstilskot med innslagssum kroner 100.000 og eit femårig tilskot med innslagssum kroner 200.000. Desse midlane er øyremerka og skal rapporterast årleg.



Tilskot til opplæring i norsk og samfunnsfag – satsar 2018:

Persontilskot. Høg sats : Personar frå Afrika, Asia, Oseania (minus Australia og New Zealand), Aust-Europa, Sør-Amerika og Mellom-Amerika. Låg sats: Vest-Europa, Nord-Amerika, Australia og New Zealand.

Tilskotsår (året personen kom inn i målgruppa)	Låg sats	Høg sats
År 1	13.600	31.900
År 2	24.100	62.300
År 3	15.000	43.350

Grunntilskot

Sats (basert på antal personar som er registert busett 1.1.2018 og som er i målgruppa)	Beløp
Høg sats : 4-150 personar	575.000
Låg sats : 1-3 personar	185.000

Tilskota frå staten dei fem første åra etter busetjing er berekna utifrå ei forventa meirutgift på mellom anna følgjande område :

- Innvandrar/flyktningkontortjenester
- Bustad/administrasjon knytt til dette
- Introduksjonsordning/stønad
- Yrkeskvalifisering/arbeidstrening
- Sysselsetjingstiltak
- Økonomisk sosialhjelp/etablering
- Barne-og ungdomsvernsteneste
- Tolketeneste
- Barnehageteneste
- Integreringstiltak i grunnskulen
- Helsetenester
- Kultur- og ungdomstiltak



5.4 Føresegner og lover

Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nykomne innvandrere

Introduksjonslova) <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-80>

Forskrift til introduksjonslova <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-07-18-973?q>

Rundskriv Q-27/2015 samarbeid mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten om introduksjonsordning for nykomne innvandrere

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/q-272015/id2410818/?q=Q-27/2015>

Rundskriv 01/2017 Rundskriv 01/2017: Tilskuddsordning for integreringstilskudd, eldretilskudd og barnehagetilskudd 2017

Rundskriv 02/2017 Tilskudd for flyktninger med nedsatt funksjonsevne og/eller atferdsvansker 2017

Rundskriv 03/2017 Tilskudd ved bosetting av enslige mindreårige flyktninger

Rundskriv 04/2017 <https://www.regjeringen.no/no/dep/id/tilskudd/tilskudd-fra-id-i-2017/tilskuddsordning-for-opplaring-i-norsk-norsk-kultur-og-norske-verdier--for-asylsokere-i-mottak/id2525561/>

Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova)

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61?q>

Forskrift til Opplæringslova <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724?q>

Lov om folkehelsearbeid (Folkehelselova) <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29?q=folkehelseloven>

Lov om husleigevtalar (Husleigelova) <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-03-26-17?q=husleigelova>

Lov om bustøtte (Bustøttelova) <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2012-08-24-64?q=bustøtteloven>

Forskrift om startlån frå Husbanken <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2014-03-12-273?q>

Rettleiar for helesetnader til asylsøkjjarar, flyktningar og familiegjenforente

<https://lovdata.no/sok?q=veileder+for+helsetjenester+til+asyls%C3%B8kere%2C+flyktningar+og+familiegjenforente>



Lov om kommunale helse- og omsorgsteneter <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30?q>

Lov om sosialtjenester i NAV <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-12-18-131?q=sosialtjenesteloven>

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1992-12-04-915?q=sosialtjenesteloven>

6 Bakgrunn (dagens situasjon)

Vik kommune er i dag ein fleirkulturell kommune. Den største gruppa er arbeidsinnvandrarar frå Aust Europa – dei fleste frå Polen og Litauen. Dei siste fire åra er det busett vel 60 personar med flyktingestatus. Dei fleste kom i 2015 og 2016.

6.1 Flyktnings situasjonen

Talet på asylsøkjjarar i Noreg var i 2017 det lågaste sidan 1997. Pr. mai har 1600 personar søkt om vern i Noreg. Prognosen for 2017 er sett til 3000 asylsøkjjarar i tillegg til 1250 som blir overført gjennom EU si relokaliseringsordning. Anslaga vert gjennomgått fire gonger årleg, og er basert på tidlegare ankomstbilde, tendensar i tida og moglege faktorar som påverkar migrasjon. For 2018 er planleggingstalet 4000. Skilnaden på prognosen 2017 og 2018 har samanheng med endringar i grensekontrollane i Schengen-området frå november 2017. UDI presiserer difor at det er usikkerheit knytt til prognosane. Fråver av grensekontrollar på interne Schengen-grenser i 2018 vil gjera det enklare å reisa frå sør til nord i Europa utan gyldige dokument. Dette kan medføra at fleire prøver å reisa ulovleg frå Tyrkia, Hellas, Bulgaria og Italia til nordiske land. Dersom dette skjer, vert det forutsett at landa raskt set inn mottiltak i form innføring av grense- og ID-kontrollar.

6.2 Fakta og statistikk


Pr. juni 2017 var det 308 personar med innvandrarbakgrunn i Vik kommune. Dei kjem frå heile verda. Den største gruppa kjem frå Europa og utgjer 210 personar. Frå Afrika 54, Asia 38. Nokre få kjem frå Sør- og Mellom Amerika og Nord- Amerika. Av det totale folketalet på 2709 i Vik kommune utgjer innvandradelen 11,36 %. 7,75 % er europeiske. Personar med flyktningsbakgrunn utgjer om lag 2 %. Flyktingane som har vorte busette sidan 2014 kjem frå Eritrea, Sudan, Etiopia, Somalia, Afghanistan og Syria. Frå tidlegare år bur her personar frå Burundi.

Følgjande grafar syner tilflyttinga i tidsrommet 2010 til 2017 :






Folketalregistrerte personar som har kome til Vik som flyktningar



	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Rwanda	0	0	0	0	3	3	3	0
Irak	4	4	4	4	0	0	0	0
Afghanistan	0	0	0	0	0	0	0	3
Etiopia	0	0	0	0	0	0	3	4
Sudan	0	0	0	0	0	0	5	6
Iran	0	0	0	0	0	0	4	8
Eritrea	7	7	8	8	9	11	14	11
Somalia	8	10	11	12	7	8	9	12
Burundi	21	14	12	11	12	12	17	17
Syria	0	0	0	0	0	0	8	19





Vedtak og busette perioden 2014 – 2017. Pr. desember 2017 :

År	2014	2015	2016	2017
Vedtak	3	20	20	15
Busette ordinære flyktn - vaksne	3	12	5	8
Familiegjenforeningar		1	7	11
EM			3	3
Barn 0-18 år	0	9	10	11
Totalt	3	22	25	27

6.3 Busetjing og integrering

I 2015 og 2016 var ansvaret for busetjing og integrering lagt til næringsavdelinga. Nav hadde arbeidet med å busetja og oppfølging av flyktningane i bustadane til 31.12.16. Prosjektleiar for «Velkomen til Vik» og nærings sjefen brukte vel eitt årsverk til dette arbeidet. I 2017 vart det oppretta eiga teneste for busetjing og integrering i Vik kommune. Denne tenesta hadde hovudansvaret for alt arbeidet med å førebu mottak, skaffa bustad, samhandling med IMDI og andre instansar, og å samordna aktivitetar knytt til busetjing og integrering i kommunen generelt fram til desember 2017. Då vart tenesta lagt inn i barnevernseininga, med ansvar for dei einslege mindreårige (EM). NAV overtok alt det andre ansvaret for busetjing og integrering frå same tidspunkt. Det er totalt syttiåtte flyktningar som er busette i tidsrommet 2014 til 2018. Av desse er tjueto familiesameinte og seks er EM.



Det er ei utfordring å finne nok bustader til dei flyktningane kommunen har vedtak på å ta i mot. Det bur flyktningar i elleve kommunale bueiningar. Det er kun i fire av leilighetene det kan bu familiar. Kommunen er avhengig av den private utleigemarknaden for å dekke trongen for husvære. Tendensen er at flyktningane blir buande i dei kommunale husværa også etter at dei er ferdige med det obligatoriske introduksjonsprogrammet og eventuelt kjem i arbeid. Dette hindrar rullering både blant flyktningane og andre kommunen pliktar å skaffe bustad. Det er difor viktig at det blir bygd fleire kommunale utleigebustader. Flyktningane treng opplæring i å bu i norske hus. Særleg gjeld dette oppvarming og utluffing.

Einslege mindreårige (EM)

Einslege mindreårige asylsøkjjarar er born og unge under 18 år som kjem til Noreg utan foreldre eller andre omsorgspersonar og søker asyl. Kommunane sine forpliktingar ved busetjing av EM er heimla i i barnevernlova §3-4, der det går fram at kommunane (barnevernstenesta) skal føreta ei vurdering av den enkelte EM sine behov, og på den bakgrunn tilby eigna bustad. Det er etablert ulike ordningar for kommunar som buset EM. Kommunar som buset EM mottok eit særskilt tilskot i tillegg til det ordinære integreringstilskotet. Frå 2017 er denne ordninga og Bufdir si refusjonsordning for utgifter til kommunale barnevernstiltak slegne i hop. Tilskota vert utbetalt til og med det året personen fyller 20 år. Ulike satsar gjeld avhengig av barnets alder og busetjingstidspunkt. Kommunane vil i tillegg motta eit ekstratilskot på 100 000 kroner pr. EM som vert busett i 2017.

Kommunane kan organisera arbeidet med EM som har fått opphald, som dei sjølv ynskjer utifrå ei vurdering av kva som er godt eigna for dei einskilde sine behov.

Dei fleste EM som kjem til Noreg er gutar frå Afghanistan – i tillegg til Eritrea, Syria, Somalia og Marokko. I 2015 og 2016 som var dei åra det kom flest EM, utgjorde gutane 92 % og 83 %. Fleirtalet av dei som kjem blir busette i døgnbemanna bufellesskap – i 2016 var 73 % busette i slike bufellesskap. Bakgrunnen for at so mange kommunar vel døgnbemanna bufellesskap som løysing, er basert på at erfaring og forskning syner at borna treng tett oppfølging av fagfolk både med barnefagleg, flyktningfagleg og psykologisk kompetanse. At det vert lagt til rette for normalisering av kvardagen er svært viktig for dei unge asylsøkjjarane. Dei einslege mindreårige er, som ungdommar flest, oppteken av skule, fritidsaktivitetar, framtidsdraumar og vener – alt som bidreg til trivsel i kvardagen. (Kjelder : B. Berg og K.R. Tronstad (2015) NTNU Samfunnsforskning: Levekår for barn i asylsøkerfasen. Deloitte, rapport (2014) Evaluering av omsorgsreformen for enslege mindreårige asylsøkere.)

Dei einslege mindreårige i Vik er busette i same bustad, med tilsette som er medlevarar og går i langturnus. Vik kommune har kjøpt eit hus som no er under renovering. I løpet av 2018 skal dette vera bustad for EM og dei tilsette. Totalt er det sju årsverk i turnus og leiar i 40 % stilling. Eininga er nedjustert med totalt 2,6 årsverk i løpet av 2018. Ordninga sikrar at ungene/ungdommane har vaksne rundt seg heile døgnet, og at dei får eit heilskapleg og samordna tilbod. Frå 2018 skal ungdommar også ha oppfølging når dei flyttar på hybel for å gå på vidaregåande skule. Dei tilsette går på eit kompetansehevingsprogram i regi av



Ressurscenter for vold, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging – traumebevisst omsorg (TBO) - saman med tilsette på EM i Voss kommune. Tema er traumer, kultursensitivitet og sjølvmoordsførebygging.

Ansvarsgruppa for flyktningar

Ansvarsgruppa for flyktningar er sett saman av folk frå dei ulike einingane som er direkte involvert i busetjings- og integreringsarbeidet i Vik kommune. Ansvarsgruppa har jamlege møte gjennom året. Det er utarbeidd ei matrise over kven som har ansvar for kva. Ansvarsmatrisa blir endra ved behov.

NAV

NAV har frå desember 2017 ansvaret for alt busetjings- og integreringsarbeid. Inklusiv introduksjonsordninga, arbeidsretta tiltak (mellom anna praksisplassar), kvalifiseringsordninga og økonomisk sosialhjelp (frå 1.1.17 er det lovbestemt aktivitetskrav for mottakarar av sosialhjelp). Alle desse ordningane kan også omfatta integrering av flyktningar.

Introduksjonsordninga.

Denne ordninga er obligatorisk for nykomne flyktningar som har behov for grunnleggjande kvalifisering, og er heimla i Lov om introduksjonsordning for nykomne flyktningar (Introduksjonslova). Ein av dei grunnleggjande ideane bak innføringa av introduksjonsstønad er å skapa eit alternativ til sosialhjelp. Introduksjonsprogrammet skal vera individuelt tilpassa med tre føremål: a) Gi grunnleggjande ferdigheiter i norsk, b) Gi grunnleggjande innsikt i norsk samfunnsliv, c) Førebu for deltaking i yrkeslivet. Programmet skal vera heilårleg og på full tid, og kan vara inntil to år. Norskopplæring er det sentrale elementet i programmet i tillegg til samfunnskunnskap. Tiltak som førebur til vidare opplæring eller tilknytning til yrkeslivet er også ein del av innhaldet i programmet. Deltaking i introduksjonsordninga gir rett til stønad tilsvarande to gonger (2G) grunnbeløpet i folketrygda – introduksjonsstønad. Ei av dei store utfordringane for NAV er å finna praksisplassar i Vik som gir god nok språktrening – som kan føra til arbeid - når deltakarane har fullført programmet. Verksemdar vegrar seg for å ta inn flyktningar dei ikkje kan kommunisera med. I det vidare løpet for deltakarane på introduksjonsprogrammet er det ei utfordring å skaffa praksisplassar og få til eit opplæringsløp som fører til arbeid. Det er etter kvart vorte større fokus på utdanningsvegar. God kartlegging og evaluering i løpet av programmet med tanke på eventuell utdanning er difor viktig.

Kvalifiseringsprogram/økonomisk stønad.

Ein konsekvens av at ein ikkje lukkast med å kvalifisera flyktningar til utdanning eller arbeid i løpet av introduksjonsprogrammet, er at flyktningen må ha økonomisk sosialhjelp som inntektssikring. Mottakar av økonomisk stønad som vert vurdert å ha ned sett arbeidsevne, kan fylla vilkåra for kvalifiseringsprogram.



Pr. juni er det totalt tjuefem deltakarar på introduksjonsprogram i Vik kommune. To deltakarar har fødselspermisjon, to familiesameinte er ikkje starta enno. Fleire av deltakarane vil vera ferdige på introduksjonsprogrammet hausten 2018. Deltakarane kjem opphavelg frå Eritrea, Somalia, Afghanistan, Sudan og Syria. I følgje statistikk frå SSB var det totalt 302 deltakarar i introduksjonsprogram i Sogn og Fjordane i 2016. Og det vart utgiftsført 36.8 millionar til introduksjonsstønad. Pr. 1. mai 2018 utgjør introduksjonsstønad kr. 16.148 pr. månad brutto for deltakarane.

Arbeidsmarknadstiltak

Ti flyktningar har våren 2017 delteke på Jobbkubb, eit tiltak NAV Vik har kjøpt hjå arbeidsmarknadsverksemda Sogneprodukt. Dette er eit kortvarig arbeidsretta tiltak. Deltaking i Jobbkubb skal kvalifisera arbeidssøkjjarar til å kunna orientera seg i arbeidsmarknaden, og til å vera aktive jobbsøkjjarar. Deltakarane får i løpet av kurset individuell coaching, opplæring i å utforma CV, intervjutrening og hjelp til å skriva søknader.

NAV Sogn og Fjordane arbeidar med å starta opp med yrkesretta utdanning for flyktningar. Helsefagarbeidarutdanning, sjåførutdanning og utdanning som sveisar er døme på aktuelle utdanningsvegar som vert vurderte. Eit regionalt sosialfagleg team skal brukast til oppfølging av mellom anna flyktningar – på tvers av kommunane.

NAV starta hausten 2017 med å systematisera kontakten med arbeidsgivarar i Vik og regionen med mål om å få verksemder til å tilsetja flyktningar. NAV vurderer dette som ei høgt prioritert oppgåve i åra framover for å hindra at flyktningar blir avhengige av offentlege ytingar.

NAV har to tilsette som er programrådgjevarar for flyktningar som er på introduksjonsprogram. I tillegg gir NAV økonomisk rettleiing, handsamar søknader om økonomisk sosialhjelp og søknader om kvalifiseringsprogram. Stillingsprosenten som blir brukt til arbeid med flyktningar varierer. I snitt gjennom året blir det brukt vel 1,5 % stillingsressurs til flyktningararbeid.

Vik kommune har avtale med Vik ASVO om leige av areal til bruk for flyktningar som får arbeide med oppussing av møblar for vidareal. Kommunen betalar for 20 % av arbeidsleiar si arbeidstid. Dette er eit tiltak for at flyktningar skal læra norsk gjennom rettleiing frå arbeidsleiaren. Det er lite sannsynleg at Vik ASVO blir flyktningane sin framtidige arbeidsplass.

Helsetenesta

Legetenesta føretek den fyrste legesjekken av nykomne flyktningar som kjem til kommunen. Det er utarbeidd nasjonale retningslinjer som tilseier at alle flyktningar straks ved ankomst til Noreg skal gjennomgå ein obligatorisk helsesjekk med telefontolk. Av smittevernomsyn skal det mellom anna takast blodprøvar og røntgen av lunger. Ved behov for andre tenester, som psykisk helsevern eller anna spesialistteneste, henviser lege vidare. Vidare oppfølging av helserelaterte problem skal gjerast av fastlege.



Helsestasjon og skulehelsetenesta har ansvar for oppfølging av born og unge frå 0-20 år. Helsesøster utfører ankomstsamtale med telefontolk der det vert informert om helsestasjon og skulehelsetenesta, i tillegg til at det vert gjennomført ei målretta helseundersøking ut frå behov. Det vert henta inn informasjon om vaksinasjonsstatus der dette er muleg, og avtalt tid for suppleringsvaksinar. Helsesøster henviser vidare til tannlege, lege, fysioterapeut, psykiatriske sjukepleiar m.m. Det vert også gitt rettleiing, informasjon og undervisning om aktuelle tema.

På helsestasjonen vert det nytta om lag 20 % stillingsressurs på flyktinggruppa.

Siste to åra har helsestasjonen hatt oppfølging av tjueseks flyktingborn under 16 år. Det er utfordrande og ressurskrevjande både tidsmessig og i høve til språk. For å sikra rett informasjon, er det nødvendig å bruka telefontolk. Fyrste tida i migrasjonsfasen er det svært mykje flyktingane skal forhalda seg til, og det tek tid å bli fortrulege med norske rutinar. Helsestasjonen ser behov for at nye flyktingfamiliar kan få tildelt ein fadder dei fyrste par månadane etter ankomst. Det bør utarbeidast ei sjekklister med aktuelle tema som alle nye får informasjon om hjå ein fadder.

Jordmor følgjer opp gravid både på helsestasjonen og i heimen. Det vert gjennom svangerskapsomsorga mellom anna avklart kva som trengst av utstyr til barnet.

Psykisk helsevern gjennomfører undervisning om psykisk helse på norskundervisninga ein gong i året. Tenesta har so langt kun hatt tre oppfølgingssamtalar med flyktingar. Det vert nytta telefontolk under samtalan. Alle som gjennom kontakt med flyktingar blir bekymra for vedkommande si psykiske helse, bør kontakta lege eller psykiatritenesta. Det vil so bli vurdert om det er grunn for å tilby hjelp. For mange flyktingar er psykisk helse forbunde med tabuførestillingar. Dette kan skuldast både personlege opplevingar, kulturskilnader eller manglande kunnskap om kva psykisk helsehjelp er.

Rutinar for samhandling om helsetenester skal inn i Compilo, som er det elektroniske verktøyet Vik kommune nyttar for å samla alle rutinedokument, lover og føresegner og avviksmeldingar.

Oppvekst

Oppvekstsektoren har ansvaret for barnehagane, grunnskulen, norskopplæringa for framandspråklege og barnevern.

Barnehage

I barnehageåret 2017- 2018 er det tjueto framandspråklege born i Vik barnehage. Femten har flyktingbakgrunn, sju er born til arbeidsinnvandrarar. Ved ankomst av nye flyktingborn vert det sett inn 60 % ekstraressursar dei fyrste fire til seks vekene. Vedtekter for kommunale barnehagar i Vik kommune regulerer inntaket av born gjennom opptakskriteriar.



Punkt 6.3 omhandlar kven som kan søkja om prioritert plass. Å ha flyktningbakgrunn er ikkje i seg sjølv eit kriterium for å få prioritert plass, men i praksis får alle flyktningborn plass i barnehage. Språk er den største utfordringa og vanskeleggjer samarbeidet mellom barnehagen og heimen.

Grunnskule

I Vik kommune er skuleåret 2017-2018 tjueni flyktningborn i grunnskulen. Ulik grad av skulegang gjer til at ein må vurdera kva klasstrinn elevar skal starta på. Det er tilsett eigen miljøterapeut i 100 % stilling som har hovudansvar for oppfølging av borna og sikra eit godt samarbeid mellom skule og heim.

Skulefritidsordning (SFO)

Skulefritidsordninga er eit frivillig tilbod for skulelevar frå fyrste til fjerde årstrinn med opphald før/og/eller etter skuletid, og på skulefrie dagar. SFO samarbeider med heimane for å ivareta behovet for tilsyn, omsorg og tryggleik ut frå lokale og individuelle behov. I følgje vedtektene for SFO i Vik kommune skal ordninga ha ein pedagogikk som er tilpassa borna si fritid, alder og mogningsnivå og behovet til den enkelte.

Norskopplæring for framandspråklege

Det vert undervist i norsk og samfunnsfag i samsvar med lover og føresegner til nykomne vaksne flyktningar. Hausten 2016 flytta norskopplæringa inn i større og betre tilpassa lokale i Helsetunkjellaren. I inneverande år er det tretti elevar – atten menn og tolv kvinner. Lærarane kartlegg nivået til kvar einskild elev for å kunna setja i hop grupper som har om lag same bakgrunn. Personar som er analfabetar krev særskild oppfølging. Det vert gitt tilbod om realkompetansevurdering der dette er relevant. Realkompetanse er all den kompetansen ein person har skaffa seg gjennom betalt eller ubetalt arbeid, etterutdanning, fritidsaktivitetar og anna som kjem i tillegg til den kompetansen som er dokumentert gjennom grunnutdanning. Mange av flyktningane manglar dokumentasjon på skulegang og tidlegare arbeidserfaring.

Det er 2,4 årsverk i norskopplæringa for framandspråklege.

Skuleåret 2017/2018 er det totalt trettifire elevar – atten menn og seksten kvinner.

Grunnskuleopplæring

Rett til grunnskuleopplæring for vaksne er regulert i opplæringslova. Kommunen har ansvar for å gi opplæringa (§13-1). Det kan søkjast om grunnskuleopplæring (§4 A-1) dersom følgjande vilkår føreligg: a) Ein er over opplæringspliktig alder, b) Har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova §3-1, c) Ein har lovleg opphald i Noreg. Alle desse tre kriteriane må vera oppfylte for å kunna krevja rett til grunnskuleopplæring.

I 2017 har det vore to elevar på grunnskuleopplæring for minoritetsspråkleg ungdom (GMU).



Barnevern

Som følge av auken i talet på flyktningfamiliar har barnevernstenesta styrka kompetansen innan kulturforståing og om korleis migrasjon påverkar livet til flyktningar.

Frivillig arbeid

I Vik kommune er det eit stort kulturelt mangfald. Det er registrert nærare hundre ulike lag og organisasjonar. Kulturaktivitetar og kulturtilbod er i stor grad organisert og finansiert i eit samspel mellom frivillige lag og kommunen, med lokalt næringsliv som viktig støttespelar.

I gjeldande kommuneplan under mål og tiltak står det mellom anna :

- Vik skal vera ein *idretts- og kulturkommune*, med deltaking, trivsel og skaparglede som fremste kjennemerke. Satsing på kultur, idrett og friluftsliv for alle skal gjera kommunen meir attraktiv for busetjing og tilflytting, og skal vera eit prioritert tiltak for god folkehelse.
- Vik kommune skal samarbeida med frivillige lag og organisasjonar om å få fram kulturaktivitet og kulturtilbod med breidde og kvalitet.
- Det skal etablerast *frivilligsentral* i planperioden.

Denne temaplanen har ein avgrensa omtale av nokre av dei frivillige organisasjonar i kommunen:

Røde Kors har ein unik rolle som humanitær aktør på migrasjonsfeltet, både i Noreg og rundt om i verda. Organisasjonen har jobba i ei årrekke for at migrantar skal få tilgang til fundamentale rettar som helsehjelp, og til å bidra til inkludering og anerkjenning av migrantane sine eigne ressursar og evner. Røde Kors erfarer at flyktningar si kjensle av å høyra til i Noreg vert skapt gjennom positive relasjonar med «vanlege folk» i lokalmiljøa. Born som har flykta åleine er ei spesielt utsett gruppe med ekstra behov for god omsorg og oppfølging. Røde Kors tilbyr mellom anna flyktningguide som skal hjelpa flyktningane i å orientera seg i det norske samfunnet. I Vik har fem personar vore flyktningguide. Sogn og Fjordane Røde Kors skipar til ferieleirar på Hauglandssenteret i Flekke for flyktningar og andre vanskelegstilte. Tilbodet er gratis for dei som får delta. Vik kommune søker om plass til aktuelle familiar som kan tenkja seg eit slikt opphald.

Norges Kvinne- og familieforbund er ein landsomfattande organisasjon med medlemmar over heile landet, fordelt på rundt tohundre lokallag og sytten kretsar. Medlemmane representerer mangfaldet i befolkninga og består av kvinner og menn i alle aldrar og livssituasjonar. Forbundet driv eit kontinuerleg arbeid for ein betre kvinne- og familiepolitikk – både nasjonalt og internasjonalt. Ein av målsetjingane er integreringsarbeid og aktivitetar lokalt. **Vik Kvinne- og familielag** har engasjert seg i integreringsarbeid sidan dei fyrste flyktningfamiliar kom til Vik. Dei har faste treff på skulekjøkenet på Flatbygdi skule ein gong i månaden. Målgruppa er kvinner frå alle nasjonar som er busette i kommunen.



Hovudinnhaldet i samlingane er matlaging frå ulike deler av verda, og handarbeid. Det vert også skipa til turar i nærområdet.

Vik Idrettslag. Idretten har eit vel etablert system for fysisk aktivitet og frivillig arbeid retta inn mot mellom anna integrering. Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité (NIF) har sidan 2014 hatt tilskotsordninga «Inkludering i idrettslag». Det overordna målet med inkludering i idrettslag er å bidra til auka deltaking av nye grupperingar inn i laga sine ordinære aktivitetstilbod. Dette for å motverka økonomiske og kulturelle barrierar, som kan vera til hinder for deltaking i ordinær idrettsaktivitet. Målgruppa er i hovudsak born og unge med minoritetsbakgrunn - med særskilt fokus på inkludering av jenter. Det er også eit mål å auka innvandarforeldre si deltaking og engasjement i idrettslag.

Vik Idrettslag har mellom anna søkt om midlar til treningsutstyr for flyktningar. Fotball er ein aktivitet mane born og unge born har vore delaktige i – uavhengig av kor dei kjem frå. Fotballbana er difor ein viktig arena for flyktningane i kommunen – både born og vaksne.

Frivilligsentral

Arbeidet med å etablera frivilligsentral er starta opp, og det er søkt om midlar til prosjektet. Hensikta med å få på plass ein frivilligsentral er mellom anna for å koordinera og styrka frivillig innsats mot integrering, og aktivisera innvandararar/flyktningar til frivillig arbeid.



7 Del 2 : Mål- og tiltak

7.1 Føremål:

Føremålet med handlingsprogrammet er å tydeleggjera mål og målgrupper, innsatsområde og tiltak innan dei ulike tenesteområda i perioden 2018 -2019.

Hovudtema :

- Grunnleggjande kvalifisering og sysselsetjing
- Kultur og oppvekst
- Helse og omsorg
- Busetjing og bustad
- Deltaking og likeverd

7.2 Mål :

Vik kommune skal vera ein open og inkluderande kommune. Det skal leggjast til rette for at alle som blir busette, på best muleg måte skal kunna delta i arbeids- og samfunnslivet.

Målgrupper :

- Innvandrara i Vik kommune som har rettar i høve til Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nykomne innvandrara.
- Flyktningar, innvandrara og norskfødde med innvandrarforeldre som er i kontakt med, eller har behov for støtte og hjelp frå det kommunale tenestetilbodet.
- Kommunen som sentral samfunnsaktør, offentleg tenesteytar og arbeidsgivar.

7.3 Generelt :

Vik kommune har busett flyktningar sidan 2000. Kommunen har etter kvart fått erfaring innan integreringsområdet som kan vera eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å busetja og integrera både flyktningar og andre innvandrara.

Del 1 av temaplanen synleggjer kva som har vore gjort i desse sytten åra. Faktagrundlaget gir også ein peikepinn om kva som er utfordringane innan dei ulike tenesteområda. Sysselsetjing i ordinært arbeidsliv er den største utfordringa. Vik kommune har klare begrensingar i høve geografi – og dermed bu- og arbeidsmarknaden i regionen. Dette må leggjast til grunn når kommunen skal vurdera busetjing av flyktningar i framtida.



Tiltaksplanen skal vera eit dynamisk dokument som er tilpassa den gjeldande situasjonen til ei kvar tid, og må difor sjåast i samheng med økonomiplanen. Konkrete tiltak må tidfestast og iverksetjast i samsvar med vedteke budsjett.

7.4 Busetjingssituasjonen frå 2018

Vik kommune vert ikkje bedd om å busetja flyktningar i 2018. På landsbasis skal det busetjast totalt 4400 flyktningar neste år, inklusiv 150 EM. Kun halvparten av kommunane er spurde, og dei er bedde om å busetja langt færre enn dei siste åra. Årsaka er at færre søker asyl i Noreg.

Nasjonalt utval for bosetting har bestemt at busetjing i 2018 skal leggja følgjande kriteriar til grunn:

- Innbyggjartal
- Sysselsetjingsnivå
- Resultat i introduksjonsordninga over tid

Utvalet er samansett av medlemmar frå KS og ulike statlege organ. I mandatet til utvalet står det mellom anna at *Nasjonalt utval for bosetting* kvart år skal vurdere kriteriar for fordeling mellom regionar og fylke, og fordela behovet for vedtaks plassar etter desse kriteriane. Det er IMDI som legg fram for utvalet dei kriteriane som skal leggjast til grunn for fordeling mellom kommunane av personar med behov for busetjingsbistand.

Allereie busette flyktningar i Vik kan komma til å få innvilga familiesameining i 2018. Dette har ein ingen oversikt over pr. no, og kan såleis ikkje leggjast til grunn i arbeidet med tiltaksdelen.

Utfordringsomtale for tenestoområda.

Omtalen av utfordringane innan dei ulike tenestområda tek utgangspunkt i Del 1 av temaplanen – faktagrunnlaget. Prosjektgruppa har komme med omtalar og innspel på korleis stoda er no, og kva som vert rekna som dei største utfordringane i det vidare arbeidet med busetjing og integrering av flyktningar i Vik kommune.

Det er også utarbeidd ei ansvarsmatrise. Matrisa syner ansvarsfordelinga mellom dei ulike einingar og aktørar, og er såleis eit dokument som kan brukast i arbeidet med å føreslå innhaldet i handlingsplanen.

- **Grunnleggjande kvalifisering og sysselsetjing.**

Med grunnleggjande kvalifisering meiner ein at personar som har behov for norsk- og samfunnsfagopplæring, eventuelt grunnskuleopplæring og introduksjonsprogram har



rett på å få dette innvilga og gjennomført innan den tidsramma som er heimla i lovverket.

Gjennom samarbeid mellom NAV og offentleg og privat næringsliv må det leggjast til rette for at flyktningar som har fullført det obligatoriske opplæringsløpet og eventuelt vidaregåande skule, får prøva seg i ordinært arbeidsliv. Det å få til forplikande avtalar med arbeidsgivarar må vera ei prioritert oppgåva. Trass i at det er ein god del arbeidspending inn og ut av kommunen til nabokommunane, vil dette vera mindre aktuelt for flyktningar dei fyrste åra etter avslutta kvalifiseringsløp. Dersom flyktningar og innvandrarar skal kunne bli buande i kommunen, er tilgangen på arbeid den viktigaste føresetnaden.

Fafo (*Fagforeningens senter for forskning, utredning og dokumentasjon*) har nyleg komme med rapporten «Evaluering av introduksjonsprogram og norskopplæring». Rapporten syner mellom anna at introduksjonsprogrammet i for lita grad inneheld reelt kvalifiserande verkemiddel. Vidare vert det påpeikt at tiltaka ikkje er utforma og dimensjonert slik at dei fyller gapet mellom kva slag kompetanse deltakarane har i utgangspunktet, og kva som krevst i den norske arbeidsmarknaden. Det er også avdekkja store skilnader mellom kommunar med tilsynelatande like råmevilkår i måloppnåing og arbeidsmetodar med introduksjonsprogrammet.

I følgje rapporten er det nokre sentrale verkemiddel som har positiv effekt på overgangen frå fullført introduksjonsprogram til arbeid :

- Arbeidsretting
- Brukarmedverknad
- Heildagsprogram
- Norskopplæring

Det er ikkje muleg å få ut tal på antal deltakarar som har gått på introduksjonsprogram i Vik kommune med overgang til ordinært arbeid, då dette er anonymisert i rapporten. Det er med ein statistikk over tal sysselsette innvandrarar i Vik i 2016. Denne syner at 71 % av *innvandrarane* (arbeidsinnvandrarar og flyktningar) er i arbeid. Dette er over 10 % fleire enn tilsvarende tal for heile landet.

- **Kultur og oppvekst**

Barnehagane og skulane har eit særskilt ansvar for å tilretteleggja aktivitet som tek omsyn til dei ulike etniske gruppene som er busette i kommunen siste åra. Dette krev samarbeid både internt og med foreldre. Eit godt oppvekstmiljø handlar også om det som føregår i fritida, og i kva grad born og unge får ta del i aktivitetar utifrå dei føresetnadane dei har. Frivillige lag og organisasjonar er sentrale aktørar. Særleg vil Vik Idrettslag ha ein viktig rolle i å inkludera flyktningborn. Etablering av frivilligsentral vil verta eit nytt tilbod i integreringsarbeidet.



- **Helse og omsorg**

Sjølv om det er utarbeidd rutinar og standardar både sentralt og lokalt i samband med at det blir busett flyktningar i kommunane, erfarer dei ulike delene av helse- og omsorgstenesta at det er behov for meir spesifikk informasjon – og mellom anna sjekklister - i oppfølginga av flyktningar.

- **Busetjing og bustad**

Ein av hovudutfordringane ved busetjing av flyktningar har vore å skaffa eigna bustad. I mangel på nok kommunale bueiningar, har Vik kommune inngått leigeavtalar i privatmarknaden. Det er blanda erfaring med å vera avhengig av ein stram utleigemarknad. Tilgang på eigna bustader i kommunal regi er nødvendig både for busetjing av flyktningar og for andre kommunen pliktar å skaffa bustad.

- **Deltaking og likeverd**

For at flyktningane som kjem til kommunen skal trivast og verta buande, er tilgang på arbeid truleg det viktigaste kriteriet. Trivsel og oppleving av å vera ynskte som innbyggjarar, er ein annan sentral føresetnad. Dette er ei oppgåva flyktningane og resten av vijkjasamfunnet må løysa saman – gjennom deltaking i aktivitetar på tvers av kulturskilnader, som t.d. Bli kjende-kveldane til Vik Kvinne- og familielag.

7.5 Ansvarsmatrise – tiltaksplan

Matrisa som er utarbeidd av ansvarsgruppa for flyktningar, er eitt av utgangspunkta for tiltak. I tillegg er det fremja tiltak som prosjektgruppa har utarbeidd på bakgrunn av arbeidet med temaplanen, del 1.

Med bakgrunn i at organiseringa av flyktningarbeidet er endra frå 2018, er ansvarsmatrisa revidert. Matrisa syner kva oppfølgingsansvar dei ulike einingane har. Dette er ikkje nye tiltak, og dei blir difor ikkje teke med i tiltaksplanen. Matrisa blir lagt med som vedlegg til temaplanen.

Ettersom situasjonen har endra seg når det gjeld framtidig busetjing av flyktningar i Vik kommune i løpet av 2017, må det takast omsyn til dette i den konkrete handlingsplanen.



8 Tiltak

TILTAK	IVERKSETJING	ANSVAR	MERKNAD
Etablering av frivilligsentral	Haust 2018	NAV/teknisk/helse	Kommunen får 400.000 kr i statlege midlar.
Grunnskuleopplæring i Vik	2019	Oppvekst/Vaksenopplæring	Målgruppe : Flyktningar som har rett til grunnskuleopplæring etter opplæringslova
Kartleggja flyktningar som vil ta utdanning som helsefagsarbeidar.	Haust 2018	NAV/omsorg/fylkeskommunen	Utdanninga kan takast i løpet av fire år, og krev 100 % praksisplass. NAV og omsorg har inngått avtale om to praksisplassar.
Kartleggja bønder som kan ta i mot deltakarar på introduksjonsprogram på språkpraksis	2018	Landbrukskontoret/VO	Aktuelle bønder må få tilbod om kursing
Mentorordning i omsorgstenesta	2018/2019	NAV/omsorg	Ein mentor får ansvar for å følgja opp personar på praksisplass, og kan lønast av NAV etter avtale med arbeidsplassen.
Ekstraressurs i Vik barnehage til flyktningborn	Vidareføring	Oppvekst	Ved behov. Ynskje om at dette er ein person som òg kan nyttast som tolk. UDI løyver 25.000 kr pr. barn som eingongstilskot ved busetjing i tillegg til integreringstilskotet.
Endring av barnehagevedtektene slik at det kan vera tilgang på plassar gjennom heile året	2018	Oppvekst/kommunestyret	Viktig ved mellom anna familiejenforening.
Bruk av mentor i barnehagen for	2018/2019	NAV/oppvekst	Barnehagen har erfart at det er behov for





kvinner som er på språkpraksisplass			opplæring om t.d. konsekvensar av fråvær
Opprette eiga gruppe på Flatbygdi skule for flyktningborn som er analfabetar	2018/2019	Oppvekst	Må vurderast ved behov.
Ordning med leksehjelp	2018	Oppvekst	Einsleg mindreårige har betre progresjon i opplæringa enn andre flyktningeborn fordi dei får tett oppfølging
Migrasjonspedagogikk for lærarar som vidareutdanning	2019	Oppvekst	Kan vurderast som eit vidareutdanningstiltak.
Samtalegruppe for einsleg mindreårige	2018	Helsesøster/miljøarbeidar Flatbygdi	Kan òg nyttast for andre
Foreldrerettleiing til utanlandske familiar – ICDP.	2018	Oppvekst/barnevernsleiar	Er ein del av innhaldet i introduksjonsprogrammet
Temasamling på vaksenopplæringa	2018	Helse/psykisk helse/NAV m.fl.	Ulike tema – eit par gonger i året
«Utstyrspool» for born	2018	Oppvekst	Utlån av diverse utstyr til bruk innan idrett m.m. Det vert ytt tilskot til deltaking i aktivitetar etter individuell vurdering
Symjeopplæring for born opp til 10. klasse etter skuletid	2018	Oppvekst	Lærarar på Flatbygdi er ansvarlege
Rekruttering av foreldre til deltaking i tilskipingar innan idrett	2018	Vik Idrettslag	Vakter, kiosksal under t.d. fotballkampar + trenaroppgåver

